

Notat

Dato: 08.10.2018
Arkivsak: 2015/1434-687
Saksbehandlar: Marianne Seim

Til: Fellesnemnda-AU
Fellesnemnda

Frå: Prosjektlear

Felles personvernombud

Etter ny personvernlovgjeving jf. Personvernforordningen artikkel 37, er Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune pålagt å ha eit personvernombod frå 20. juli 2018.

Personvernombodet vart tilsett i Hordaland fylkeskommune frå 2. april 2018. Personvernombodet har og ombudsrolla for Sogn og Fjordane fylkeskommune, men slik at denne sjølv tek ansvar for å byggje opp naudsynte system, rutinar, prosedyrar og rolleavklaringar internt.

Kjerneoppgåvene for ombodet er å informere, gi råd, kontrollere og vere eit kontaktpunkt for den registrerte. Det er utarbeidd ein instruks for ombodsfunksjonen.

Personvernombodet har og rolla som personvernrådgjever i Hordaland fylkeskommune, og det må takast høgde for at dette kan medføre interessekonflikt og / eller bli oppfatta å råke ved integritet og habilitet hos vedkommande. Det er derfor lagt inn i arbeidsinstruksen for stillinga som personvernombod at ordninga med denne todelinga skal evaluerast i desember 2018.

Personvernombodet ligg per i dag i Hordaland fylkeskommune i fagleg linje til konstituert fylkesrådmann og fylkesdirektør økonomi og organisasjon har personalansvaret. Ved fylkeskommunen i Sogn og Fjordane rapporterer ombodet direkte til ass. fylkesrådmann.

Personvernombodet deltek i eit nyoppretta nasjonalt nettverk for fylkeskommunale personvernombod. Det er tenleg at omboda jobbar i fellesskap om felles løysingar for felles utfordringar og skapar likeins rutinar det det er fornuftig.

Ordninga med personvernombod vert vidareført inn i nye Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020.